

Kvalitetsplan mot mobbing



Bryne ungdomsskule

mars 2020

Introduksjon av verksemda

Bryne ungdomsskule ligg i Bryne sentrum i Time kommune. Me har om lag 450 elevar som kjem frå 3 ulike skular, Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule. Det er om lag 60 tilsette ved skulen.

Den pedagogiske plattformen til skulen bygger på visjonen for Bryne ungdomsskule:

Gi barn og unge ein trygg og god oppvekst som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det.

Og på hovudmålet for Bryne ungdomsskule som er: *Den enkelte elev skal ha framgang i eiga læring på sitt nivå. Han/ho skal få høve til å strekkje seg så langt som mulig.*

Innleiing

Mobbing er eit problem som finst overalt i samfunnslivet, også i skulen. BUS har nulltoleranse for mobbing.

Me har som ei følgje av dette, arbeidd med eit anti-mobbeprogram som er utvikla av Dan Olweus, professor ved universitetet i Bergen.

Programmet har gitt personalet ved skulen ei felles plattform i kampen mot mobbing. Det har også gitt oss meir kompetanse og innsikt i å handtera mobbeproblem.

Tendensar til mobbing kan oppstå kor tid som helst, og skulen sin kvalitetsplan skal brukast til å førebyggja og aktivt motarbeida slike problem.

Arbeidet mot mobbing er ein kontinuerleg prosess, og den kompetansen me har fått gjennom Olweusprogrammet, må brukast i dette arbeidet. Nytilsette ved skulen blir kontinuerleg kursa i Olweusprogrammet.

Bryne ungdomsskule har sidan 2009 vore sertifisert som Olweusskule. Me har desse åra gjennomørt mobbeundersøkjingar og ser at tala varierer frå år til år. Målet vårt er at ikkje ein einaste elev ved BUS blir mobba.

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (Opplæringslova §9 A-3)

Kva er mobbing?

Det er viktig at heile skulesystemet (.elevar, føresette, tilsette) kjenner til kva som ligg i det å bli mobba og det er skulen si plikt å informera alle om kva som ligg i omgrepene. Me må ha same forståing av kva mobbing er.

Definisjon på mobbing:

Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar, og han/ho som vert mobba, har vanskar med å forsvare seg (D. Olweus).

Mobbing er kjenneteikna ved:

- aggressiv eller vondsinna åtferd
- gjentaking over ei viss tid
- at det ofte er prega av fysisk eller psykisk ubalanse i maktforholdet mellom den som blir mobba og den/dei som mobbar

Mobbinga skjer ofte utan nokon openbar provokasjon frå offeret si side, men kan også skje ved oppfatta provokasjon.

Programerklæring

I Opplæringslova §9a vert det lagt stor vekt på eleven sitt krav på eit trygt og godt psykososialt miljø. Det vert understreka at skulen aktivt og systematisk må arbeide for å fremje dette og sørge for at eleven kan oppleva tryggleik og det å høyra til sosialt.

I 2003 innførte Time kommune Olweus sitt kjerneprogram mot mobbing og antisosial åtferd i alle skulane i kommunen og som skule er me forplikta til å gjennomføra programmet på alle nivå. Dette gir viktige føringar for korleis me skal arbeida mot mobbing på Bryne ungdomsskule.

Tilsette, elevar og føresette samarbeider systematisk for at Bryne ungdomsskule skal vera ein mobbefri skule .

Me aksepterer ikkje mobbing og antisosial åtferd på vår skule og arbeider aktivt for å hindre at mobbing skal skje. Ingen skal bli mobba på Bryne ungdomsskule!

Kvalitetssystemet

Skulane er pålagde å ha internkontroll jf Opplæringslova §9a-4, og me har difor utarbeidd denne kvalitetsplanen. Fundamentet i dette arbeidet er Oppæringslova § 9a, Olweus-programmet og System for Kvalitetssikring av Olweus-programmet. Systemet har hovudfokus på Olweus-programmet og Olweus-standard. Det er utvikla prosedyrar for kritiske situasjonar der mobbing skjer, og der det er mistanke om mobbing.

I tillegg er skulen sitt planlagde og systematiske arbeid dokumentert i sjekklistar, referat, skjema og prosedyrar. Alt som skjer blir skriftleg dokumentert. For handtering av avvik er det òg klare rutinar, og det vert dokumentert kva som vert gjort for å rette opp avvik.

Kvart år har me saman med ein Olweusinstruktør i kommunen, ein gjennomgang av kvalitetssikringssystemet for å fastslå om aktivitetar og praksis stemmer med det som er planlagt.

Denne kvalitetsrevisjonen danner grunnlaget for vår sertifisering som Olweus-skule.

Oversikt over rapporteringsansvar og beslutningsnivå.

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærar	Kontaktlærar	Desember og april
Referat Olweus klassemøte	Kontaktlærar	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte,haust	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte,vår	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegrupper	Olweuskoordinator/gruppeleiar	Etter gjennomført møte
Introduksjonskurs for nytilsette (gjennomføring)	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Referat introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærar for elevråd	Etter gjennomført møte
Referat møte i elevråd	Kontaktlærar for elevråd	Etter gjennomført møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avvikshandsaming	Rektor	Kontinuerleg
Sakshandsaming §9a	Rektor	Kontinuerleg

Det er svært viktig å sikre trygg saksbehandling i mobbesaker, og skulen har rutinar og prosedyrar for å kvalitetssikre alle meldingar på dette området. Dei vert behandla etter

forvaltningslova. Svar vert gitt i løpet av ein månad etter at henstillinga er motteken og enkeltvedtak fatta i tråd med forvaltningslova. Enkeltvedtak kan påklagast til Fylkesmannen. Alle sakene vert journalført/arkivert i elevmappene.

Olweus-standard

Skulen har utarbeidd ein Olweus – standard og spesifisert aktivitetane i eigen plan

Olweusstandard	Tid	Ansvar	Dokumentasjon
To gonger i året skal det arrangerast eigne personalmøte for alle tilsette ved skulen kor hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert.	Haust Vår	Rektor	Referat
Det blir gjennomført minimum fem møte utover skuleåret i form av pedagogiske samtalegrupper for personalet inndelt i grupper.	2 haust 3 vår	Olweus-koordinator	Referat
Det blir halde minst ein dags innføringskurs som omhandlar Olweusprogrammet for nytilsette.	Haust	Rektor Instruktør	Referat
Det blir gjennomført undersøking med Olweus-spørjeskjema om mobbing blant elevane ein gong i året.	Oktober/ november	Olweus koordinator	Statistikk fra Olweus-gruppa
Vaktplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året.	Kontinuerlig	Alle	Ny plan
Lærarane og resten av personalet gjer aktivt bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhevar dei så konsekvent som mulig..	Heile tida	Alle	
Kontaktlærarane held minimum to Olweusmøte i elevgruppa pr. månad om mobbing og liknande tema.	2g/mnd	Kontaktlærar	Referat
Mobbing tas opp som tema på minst to møte i elevrådet pr. år.	Haust Vår	Kontaktlærar for elevråd	Referat
Mobbing skal også vere eit fast tema i dei faste elevsamtalane.	Haust Vår	Kontaktlærar	Referat etter samtalene
Dei føresette skal haldast godt orienterte om skulen sitt førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid, minst	Haust	Kontaktlærar /	

på eitt gruppe- eller trinnforeldremøte pr. år og i dei faste konferansetimane.	Vår	rektor	
Skulen skal kjenna og kunna bruka dei prosedyrane som er skildra i Olweus–programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesakar.	Kontinuerlig Sikre info til nytilsette	Kontaktlærar Rektor/ administrasjon	Ved avvik skal avviksskjema leverast rektor
Skulen skal utarbeida ein kvalitetsplan som viser korleis skulen vil arbeida for å sikra kvaliteten for tiltaka etter denne standarden.		Rektor	Eigen plan

Prosedyrar

Skulen har eigne prosedyrar for korleis vi handsamar saker der det er mistanke om mobbing og saker der mobbing har funne stad.

Prosedyre ved henstilling om mistanke om mobbing :

Ei henstilling kan kome både frå elevar, føresette, lærarar og andre.

Prosedyre	Ansvar	Utført,dato
Aktivitetsplan skal fyllast ut og leverast til rektor. Rektor skal signera.(Eige skjema) Info til kontaktlærar.	Den som tek imot henstillinga	
Informasjon til faglærarar som er involverte i gruppa. Høyre med dei om dei har registrert noko spesielt med dei aktuelle elevane	Kontaktlærar	
Fokusert observasjon av dei aktuelle plagarane og den utsette eleven både i skulegarden, klasserommet og elles i elevgruppa.	Faglærarar/kontaktlærar/andre involverte vaksne	
Observasjonane skal dokumenterast i loggbok eller skriftleg referat.	Kontaktlærar/faglærarar/ andre involverte vaksne	
Forslag til tiltak for å skaffe informasjon:(kap.9 s.2-4) Ta opp temaet trivsel på Olweusmøtet -og be elevane skrive ned korleis dei ser på trivsel i gruppa. (Fordi lærar er interessert i kameratforholda i klassen) Bruk gjerne konkrete spørsmål. • Korleis trivest du i denne gruppa?	Kontaktlærar	

<ul style="list-style-type: none"> • Trur du alle har det bra i gruppa? • Kor mange gode venner har du i gruppa? • Trur du alle har nokon å vera med? • Er det nokon som blir mobba? <p>Svara skal vera hemmelege for alle andre enn kontaktlærar, men ikkje anonyme. Skriv på ark og lever til kontaktlærar.</p> <p>Korte personlege intervju med alle i gruppa.</p> <p>Eventuelt berre med 5-6 elevar. (sjå framgangsmåte kap.9 s.3)</p> <p>Sosiometrisk undersøking</p> <p>Eventuelt loggbok</p>		
Kontakt dei føresette for å få meir informasjon.	Kontaktlærar	
Oppsummerande møte med kontaktlærar/ faglærarar/ rektor	Kontaktlærar	
Iverksetjing av tiltak	Kontaktlærar	
Evaluering av tiltak (eige skjema)		
Oppfølgingssamtale med elev (eige skjema)		

Prosedyre ved mobbing :

Prosedyre	Ansvar	Utført,dato
<p>Det skal gjennomførast ein individuell samtale med den som vert mobba.</p> <p>Samtalen bør gjerast så diskret som mogleg.</p> <p>Samtalen må være strukturert.</p> <p>Foreldra vert orienterte om dette i etterkant.</p> <p>(Olweus-programmet kap. 9)</p> <p>Ver nøyne med å gje den utsette eleven støtte og presiser at det skal takast på alvor og gjerast noko med.</p>	Kontaktlærar	
<p>Konfronterande samtale med mobbaren.</p> <p>Dersom det er fleire mobbarar, skal alle snakkast med kvar for seg og helst innan kortast mogleg tid, slik at dei ikkje har høve til å snakke saman.</p> <p>Kontaktlærer og sosiallærer /Olweuskoordinator gjennomfører samtalen.</p> <p>Går eleven i ei anna gruppe er det naturleg at kontaktlærar i denne gruppa gjennomfører samtalen.</p> <p>Bodskapen er klar:</p> <p><i>Vi aksepterer ikkje mobbing ved Bryne ungdomsskule og vi vil sørge for at det blir slutt på det.</i></p>	Eigen prosedyre Kontaktlærar/sosiallærar/ (Olweuskoordinator)	

(For detaljert fremgangsmåte sjå Olweusprogrammet kap. 9)		
NB! Avtalar og oppfølgingmøte, alt etter saka sitt omfang (eks etter ei veke, etter 14 dagar, etter ein mnd)		
Informasjon /møte med mobbaren sine føresette	Kontaktlærar Rektor er med på møte	
Oppfølgingsmøte med eleven som blir mobba og føresette . Informasjon om kva som er blitt giort og kva som skjer framover (kva tiltak som vert sett i gang). Nye avtalar om samtale	Kontaktlærar	
Dersom mobbinga ikkje tek slutt, vil ei meir omfattande oppfølging involvere skulen si leiing, PPT og Olweus-instruktør .	Rektor	

Oppsummering

Målet med kvalitetsplanen er å redusera mobbing ved Bryne ungdomsskule.

Me skal arbeida førebyggjande og samstundes prøva å oppdage mobbing på eit tidleg tidspunkt. Skulen har strategiar for å stansa mobbing og antisosial åtferd.

Planen er konkret og lefftatta slik at han blir eit verktøy for lærarane til å handtera mobbing i skulekvardagen.

Elevane ved Bryne ungdomsskule er den primære gruppa i skulen si verksemd og deira læringsutbytte er avhengig av eit godt læringsmiljø.

Difor er det viktig at antimobbe-arbeidet vert halde høgt i personalet og det hjelper Kvalitetssikringssystemet for Olweusprogrammet oss i å gjera.

Ingen på Bryne ungdomsskule skal finna seg i å bli mobba.

